



Arkivnr: 2015/10429-1

Saksbehandlar: Karstein Oen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.10.2015
Fylkestinget		08.12.2015

## Tilskot til ordning med politisk rådgjevar for fylkesordførar

### Samandrag

Det vert i denne saka gjort framlegg om at Hordaland fylkeskommune gir eit tilskot til ein politisk rådgjevar for det partiet som til ei kvar tid har vervet som fylkesordførar. Rådgjevaren som vart fast tilsett for fylkesordførar i 2012 har gått over i anna stilling i fylkesadministrasjonen.

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at det for valperioden 2015-2019 vert utbetalt eit tilskot til ein politisk rådgjevar for det partiet som til ei kvar tid har vervet som fylkesordførar.
2. Tilskotet utgjer ein årleg sum på kr 650.000 og skal regulerast kvart år i samsvar med den generelle lønsutviklinga i HFK.
3. Ordninga tek til å gjelde frå 15.10.2015.
4. Ordninga med tilskott til opposisjonsgroppene på totalt kr 645.000 (budsjett 2015) vert vidareført i tråd med reglement for godtgjersle til folkevalde.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 19.10.2015**

Fylkestinget oppretta i sak 75/11 ei fast stilling som rådgjevar for fylkesordføraren. Rådgjevaren si primæroppgåve var å arbeide opp mot den politiske leiinga som tilretteleggjar. Det var ikkje presisert i saka om denne rådgjevaren skulle vere ein reindyrka politisk rådgjevar som til ei kvar tid skulle følgje den sitjande fylkesordførar.

Den nye politiske leiinga i Hordaland fylkeskommune ynskjer ei ordning med ein reindyrka politisk rådgjevar. Hordaland fylkeskommune bør ikkje vere arbeidsgjevar for den politiske rådgjevaren. Ordninga inneber at det vert gitt eit tilskot til finansiering av stillinga.

Rådgjevaren som vart tilsett i 2012 har gått over i anna stilling i fylkesadministrasjonen.

Fylkesrådmannen vil gjere framlegg om følgjande løysing vedkomande politisk rådgjevar:

- Den politiske rådgjevaren skal vere tilsett hjå det partiet som har fylkesordføraren p.t. Arbeiderpartiet.
- HFK skal betale ut årleg tilskot til partiet som har arbeidsgjevaransvaret og står for utbetaling av løn og sosiale kostnader til den politiske rådgjevaren.
- Tilskotet til partiet skal femne om løn og stipulerte sosiale kostnader.
- Tilskotet skal følgje vanleg lønsutvikling (fylkeskommunal).

Hordaland fylkeskommune vil leggje til grunn den årsløna som tilsett rådgjevar hadde pr. 1.10.2015. Tilskotet vil ut frå dette utgjere kr 650.000 pr oktober 2015 inkl. sosiale kostnader.

Reglementet for godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune regulerer stønad til partigruppene for frikjøp til politisk arbeid. Tilskot til ein politisk rådgjevar kjem som tillegg til denne ordninga. Ordninga med kr 645.000 (budsjett 2015) til fordeling blant opposisjonspartia vert vidareført i tråd med reglementet for godtgjersle for folkevalde.